# *SEKOM-sekretariat*

***Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn***

---

## Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

| | |
|---|---|
| Utval: | **Kontrollutval - Naustdal kommune** |
| Møtedato: | **09.05.2012** |
| Møtetid: | **08.30** |
| Stad: | **Møterom «Nord» 2. etg.** |
| Møtenr.: | **2/2012** |
| Innkalling: | **Faste medlemmer i utvalet, , Revisor i (sak 012 – 13/12) rådmann i (sak 012, 14, 15 og 16/12)** |
| Melding til: | Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (varamedlemer møter berre etter særskild innkalling). |

**Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller eller på e-postadresse: post@sekom.no.**

**SAKLISTE**

010/12 Godkjenning innkalling og sakliste
011/12 Skriv og meldingar..
012/12 Årsrekneskapen 2011 – Naustdal kommune..
013/12 Orientering frå revisor.
014/12 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak.
015/12 Orientering – Etisk reglement i Naustdal kommune.
016/12 Orientering – Trafikktryggleiksplan i Naustdal.
017/12 Oppfølgingsliste 2-2011 – Naustdal.
018/12 Eventuelt.

Naustdal, 02.05.2012

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)
- kontrollutvalsleiar -

Vidar Øvrebø
***SEKOM - sekretariat***


| **Postadresse** | **Kontoradresse** | **E-post** | **Telefon** | **Telefaks** | **Org nr.** | **Bankgiro** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 VØ<br>951 39 762 VØ | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# 010/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 09.05.2012 | 010/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyre | - | - | - | Nei |

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

# 011/12 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012.

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 02.05.2012 | 011/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

**Saksvedlegg**

SM 01/12: Brev frå KRYSS-revisjon til Naustdal kommune – Tinging frå kontrollutvalet i Naustdal; - Overordna analyse – Naustdal kommune 2012, datert 7. februar 2012.

SM 03/12: Brev frå KRYSS-revisjon til Naustdal kommune – Revisjonsuttale – Kvalitetssikring av rutiner knytta til Naustdal kommune sitt finnansreglement, datert 13. februar 2012.

SM 12/12: Prosjektplan – Naustdal kommune – «Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk», datert 12.04.2012.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

**Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 01-12

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: **Terje Førde,** Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Naustdal kommune
Rådmannen
Postboks 43
6806 Naustdal

| **Dykkar ref.:** | **Vår ref.:** | **Arkivkode:** | **Journalnr.:** | **Dokumentdato:** |
|---|---|---|---|---|
| | Overordna analyse 2012/tf | 216 | 05 / 2012 | 7. februar 2012 |

**TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL;**
**- OVERORDNA ANALYSE – NAUSTDAL KOMMUNE 2012**

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert *'overordna analyse'* over Naustdal kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analys*e av Naustdal kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanlyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenesteområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finasreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgåve- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonmi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenestedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmanen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemder/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektvisering, prduktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.

Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Naustdal kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012
Med helsing

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren

SM 03-12

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde , Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

KOPI

Naustdal kommune
v/ Kommunestyret
Postboks 43
6806 NAUSTDAL

kopi: kontrollutvalet
rådmann
økonomiansvarleg
spesialrådgjevar

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| "Finansforvaltningsrutiner Naustdal kommune" | Uttale 270810 til finansre-glementet\\uttalerutiner 130212 | 200 | 010 / 2012 | 13. februar 2012 |

**REVISORUTTALE - KVALITETSSIKRING AV RUTINER KNYTTA TIL NAUSTDAL KOMMUNE SITT FINANSREGLEMENT**

I e-post-korrespondanse av 08.11.11 frå spesialrådgjevar langlie i Naustdal kommune, har revisjonen motteke framlegg til rutiner og rutinebeskrivelse knytta til Naustdal kommune sitt finansreglement. Kommunerevisjonen er bedt om å kome med ei uttale i høve kvalitetssikring av rutinane i høve finansforskrifta sin § 8, og det krav til rapportering som er stilt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kring dette.

Vi har gjennomgått Naustdal kommune sitt reglement for finansforvaltninga i kommunen og gjeve uttale til dette første gong i brev av 12.06.08. Ved endring av reglementet i 2010, har vi gjeve ny revisjonsuttale den 27.08.10. Det er det vedtekne finansreglement frå 28.10.2010 som er gjeldande for Naustdal kommune i dag, og som det no er laga framlegg til finansforvaltningsrutiner til, og som revisjonen er bedt om å kome med uttale til. Naustdal kommune er ansvarleg for at finansforvaltninga er underlagt reglement som er fastsett og vedteke i samsvar med kommuneloven § 52 og forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning, fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet den 9. juni 2009.

Av forskrift § 8 går det fram at kommunen skal utarbeide rutiner som nærmare beskriv dei prosessar og tiltak som skal vere etablert innad i kommuneforvaltninga når det gjeld kommunen si finansforvaltning. Det heiter bl.a. at *"det skal etableres administrative rutiner som sørger for at finansforvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, gjeldende lover og denne forskrift, og at finansforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll. Det skal herunder etableres rutiner for vurdering og håndtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekke avvik fra finansreglementet."* Av forskrifta går det også fram at *"kommunestyret og fylkestinget skal påse at slike rutiner er etablert og etterleves."*

Vår oppgåve er i henhold til § 5 i ovannemnde forskrifta om finansforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, som uavhengig instans, å vurdere og å uttale oss om kommunen sine reglar for finansforvaltninga. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med ISAE 3000 - "*Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon*". Denne standarden krev at vi planlegg og gjennomfører kontrollhandlingar for å kunne avgje ei uttale med høg, men ikkje absolutt sikkerheit for at det ikkje ligg føre vesentlege feil eller manglar ved kommunen sitt finansforvaltningsreglement eller i rutinane kring dette.

Det ligg føre framlegg til ***"Finansforvaltningsrutiner Naustdal kommune"***; motteke av oss pr. e-post. Det er dette dokumentet vi uttaler oss om.

Vi har gått gjennom ovannemnde dokument og har ikkje særskilde kommentarar eller merknader til dei rutinebeskrivelsar som ligg føre.

Vi vil likevel påpeike at det føreliggande dokument bør ha i seg ein referansar som lett identifiserer kva dokument dette faktisk er. I den anledning vil vi bemerke følgjande: Som topptekst på side 1 i rutinebeskrivelsen står det "*"Finansrutine Naustdal" Finansreglement"*, medan det som står på framsida med store bokstavar heiter "*Finansforvaltningsrutiner Naustdal kommune*". Dette kan i ettertid vere med å skape forvirring om kva dokument som det i etterkant blir referert til og kva som er gjeldande (kva vart vedteke når tid, etc.). Det er vår vurdering at dokumentet bør ha i seg f.eks. ein botntekst som identifiserer dokumentet, og gjerne referanse til Kst.sak nr. eller dato for når dokumentet er vedteke; eller dato for sist ajourført/rullert, etc. Slik sett vil ein over tid betre halde styr på kva som er kva og kva som vart vedteke, når, og kva som er/var gjeldande, når tid, osv.

Utfordringane framover blir utvilsomt korleis Naustdal kommune vel å praktisere både det nye reglementet og rutinane som er knytta opp i dette. I den samanheng viser vi til vår revisjonsuttale i høve kvalitetssikringa av Naustdal kommune sitt finansreglement, d. 27.08.10. Vi oppsummerer vårt arbeid her på same vis, der vi bl.a. uttalte følgjande:

*"Vi meiner at det framlagde reglement for finansforvaltninga i Naustdal kommune tilfredsstiller kommunelova og forskriftene sine krav".*

*Utfordringane framover vil utvilsomt vere korleis Naustdal kommune velger å praktisere det nye reglementet, samt å følgje opp rapporteringsrutinane, med krav til hyppigheit, omfang og innhald, og korleis avviksrapporteringar faktisk skal skje og korleis handterast i det daglege."*

Det er vår vurdering at Naustdal kommune sine rutiner kring kommunen si finansforvaltning ikkje er i strid med gjeldande lov og forskrifter om kommunal finansforvaltning. Rutinebeskrivelsen er enkel, oversiktleg og grei, og slik vi ser det tilpassa finanstilhøva innafor Naustdal kommune i dag.

Kommunerevisjonen gjev råd og bistand basert på kjelder som vi anser som pålitelege, våre erfaringar og opparbeida kunnskap og etter beste skjønn. Kommunerevisjonen er ikkje ansvarleg for direkte eller indirekte økonomisk eller ikkje-økonomisk tap eller skade som følgje av at våre råd eller vurderingar blir følgde. Denne uttale er utelukkande utarbeida for det føremål som er beskrive ovanfor og til kommunen sin informasjon, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

Førde den 13. februar 2012

Kommunerevisjonen
[illegible] og Sunnfjord
[illegible] 487, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

SM 12/12

21/12

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Kontrollutvalet i Naustdal kommune
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | cl | 216 | 019/2012 | 13.04.2012 |

# PROSJEKTPLAN – Naustdal kommune

| DOKUMENTOPPLYSNINGAR: | |
|---|---|
| **Tittel på prosjektet:** | *Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk.* |
| **Tingar:** | Naustdal kontrollutval, ved SEKOM-sekretariat, i tingingsdokument av 01.06.2011 |
| **Revisjonseining:** | KRYSS-Revisjon |
| **Oppdragsansvarleg:** | Charles Litsheim |
| **Dato for prosjektplanen:** | 13.04.2012 |
| **Versjon av prosjektplan** | I |

| TINGINGA – KONKRET: | | |
|---|---|---|
| Problemstillingane: | - Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ?<br>- Er føreliggjande avtale om reduserte prisar for «gamle» abonnentar ved Naustdal gjeldande for dagens abonnentar ? | |
| Tidsrommet revisjonen femnar om: | Rekneskapstala for 2010 og budsjettgrunnlaget for 2011 | |
| Revisjonskjelder/-kriterium: | Forureiningslova, lov om kommunale vann og avløpsavgifter | - Konkretisert kriterium vert å utlede frå H – 2140 «Retningslinjer for beregning av slevkost for kommunale betalingstjenester» |
| | Avtalelova | - Sentrale lovparagrafar som regulerer dei avtalar som er inngått mht rettsleg status |
| | | - |
| Metodebruk | Dokumentanalyse, samtale med sentrale tenesteleiarar og juridisk metode | |
| Tidsbruk i prosjektet | I medhald av dei tildelte ressurstimane i avtala med KRYSS - Revisjon | |

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

| TIDSBRUKEN I PROSJEKTET: | |
|---|---|
| **Arbeidsoppgåver:** | **Timebruk:** |
| Oppstartsmøte inkl føregåande sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet) | 14 timar |
| Innsamling av data i høve dokumentanalysen | 22,5 timar |
| Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale | 25 timar |
| Intervju og samtalar med utvalde tilsette | 1 veke (15 timar i reserve for uforutsette ting; sjukdom, mistydingar frå intervjuobjekt og andre tilhøve som kan dryge tidsbruken) |
| Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar | 22 timar |
| rapportskriving | 50 timar |
| Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet | 15 timar |

**Bakgrunnsinformasjon om den reviderte kommunen (jf RSK 001 punkt 21)**

**Milepælar i prosjektet**

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingingsdokumentet. Vil bli gjort i april 2012.
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Vil bli gjort i april og mai 2012.
3. Skrivefasen i juni månad.
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. I juni/juli 2012.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. Juli 2012.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet. Juli 2012
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

**Tidsrom**

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet i løpet av tidleg juli 2012.
Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh

Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

# 012/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - NAUSTDAL KOMMUNE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012.

| **Utval** | **Dato** | **Utv.-Saksnr.** | **Status** | **Vedtaks-organ** |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 09.05.2011 | 012/12 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Ja |

**Saksvedlegg.**
- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Naustdal kommune
- Årsmelding. (Sendt frå adm.)
- Rekneskap 2011. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsberetning 2011, Naustdal kommune, datert 16. april 2012.
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 02.05.2012.
-

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Naustdal kommune, datert 09.05.2012.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:**

Saksutgreiing

**ÅRSREKNESKAPEN 2011 - NAUSTDAL KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Naustdal kommune.

**Saksopplysningar:**

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

**§ 6.** *Regnskapsrevisjon*

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instrukser, eller avtaler med revisor.*

*§ 7. Uttalelse om årsregnskapet*

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

*§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader*

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

# *SEKOM-sekretariat*

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

"Utkast"

Til
Kommunestyret i Naustdal

Naustdal 09.05.2012

**UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR NAUSTDAL KOMMUNE**

Årsrekneskapen 2011 for Naustdal kommune er handsama i kontrollutvalet i Naustdal 09.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:
- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen datert mai 2012.
- Revisjonsberetning 2011, Naustdal kommune frå KRYSS-revisjon, datert 16. april 2012.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 02.05.2012.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen. Rekneskapen viser eit positivt brutto driftsresultat på kr. 1,088 millionar og eit negativt netto driftsresultat på kr. 0,792 millionar. Rekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1,713 millionar.

Det er kommunestyret sitt ansvar å dekke inn meirforbruket.

Revidert driftsbudsjett på inntektssida var kr. 182,905 millionar. Rekneskapen viser kr. 191,371 millionar.

Revidert budsjett på utgiftsida var kr. 180,315 millionar. Rekneskapen viser kr. 190,283 millionar.

Brutto driftsresultatet er kr. 1,502 millionar dårligare enn budsjettert. Etter eksterne finanstransaksjonar og motpost avskrivingar kjem ein ut med eit netto driftsresultat på kr. 0,087 millionar dårlegare enn budsjettert.

Revisjonen tek atterhald om at årsrekneskapen er gjort opp med 1.713 mill i underskot samstundes som kommunen har disposisjonsfond på 0,386 mill.

Einingane kjem samla ut med overforbruk, jfr side 26 i årsrekneskapen. Drifta i seksjonane er kommentert i årsmeldinga side 9 og utover. Det vert vist til dette for deltaljar. På side 30 i årsmeldinga er det er det sett opp ei oversikt der resultatet for einingane.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekka beløp på kr 865.066,- . Dette må oppfinansierast Jfr. presisering i revisjonsmeldinga.


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 VØ<br>951 39 762 VØ | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

Lånegjelda har auka i 2011. Gjeldsgrada har auka frå 85,6% % i 2010 til 91,1% i 2011. I årsmeldinga s. 2 har rådmannen kommentert lånegjelda og påpeikar at denne er forholdsvis stor og gjev grunn til varsemd ved nye investeringar.

Arbeidskapitalen er positiv. Likviditeten synest å vere tilfredsstillande.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga og kommentarane til årsrekneskapen frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga. Revisor har eit atterhald og to presiseringar til rekneskapen.

Med revisor sitt atterhald og sine presiseringar meiner kontrollutvalet at rekneskapen 2011 for Naustdal kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

| | | |
|---|---|---|
| Randi Elvebakk Reiakvam<br>- leiar - | Elin Schei Stuhaug<br>- nestleiar - | John Bendiksen |
| Inge Kalland | Ellinor Friis | |



| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 VØ<br>951 39 762 VØ | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

187/12

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD


| | |
|---|---|
| Dagleg leiar/ Revisjonssjef: | Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27<br>terje.forde@kryssrevisjon.no<br>postmottak@kryssrevisjon.no |
| Bank: | 3705.08.27845 |
| Org. nr.: | 987 608 064 MVA |


Naustdal kommunestyre
v/ordføraren

6817 Naustdal

kopi: kontrollutval
formannskap
rådmann

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| Rekneskap 2011 | \\naustdal\negberetn2011/khs | 210&14 | 020 / 2012 | 16. april 2012 |

## REVISJONSBERETNING 2011, NAUSTDAL KOMMUNE

Av *forskrift om revisjon* av 15.06.2004, § 5 '*Revisjonsberetninga*', framgår det at revisor skal avgje revisjonsberetning utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avgjeve, og seinast innan den 15. april. Revisjonsberetninga skal avleggast og i dei tilfelle der årsrekneskapen ikkje ligg føre eller årsoppgjeret er ufullstendig.

Av *forskrift om årsrekneskap og årsberetning*, går det fram at årsrekneskapen skal vere avlagt innan 15. februar i året etter rekneskapsåret, og skal bestå av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Årsrekneskapen og årsberetninga skal vedtakast av kommunestyret seinast 6 månader etter at rekneskapsåret er slutt (før 1. juli). Dette følgjer av forskrifta § 10, *'Rekneskapsfristar og behandling av årsrekneskap og årsberetning'*. Her går det også fram at årsmeldinga skal leggast fram utan ugrunna opphold og seinast innan den 31. mars.

Rekneskapen til Naustdal kommune for 2011 er levert til revisjon den 22.03.2012, medan årsmelding pr i dag ikkje er motteken.

Då ferdig revidert rekneskap og årsmelding ikkje ligg føre pr. 15.04.11, kan vi ikkje uttale oss om årsrekneskapen og årsberetninga slik forskriftene stiller krav om innan denne dato.

Denne revisjonsberetninga vil bli trekt attende når årsmelding ligg føre og vi har fått rimeleg tid til å gjennomføre dei revisjonshandlingar som vi finn nødvendig for å bekrefte innhaldet i årsrekneskapen og årsmeldinga for Naustdal kommune for driftsåret 2011.

Førde, 16. april 2012

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Til kommunestyret i Naustdal kommune

kopi: Kontrollutval
Formannskap
Rådmann

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | *Rev.mld Naustdal 2011* | *216* | *021/2012* | *02.05.2012* |

## *REVISJONSMELDING 2011.*

Grunna ufullstendig årsrekneskap og årsmelding pr. 15.04.12, var vi ikkje sett i stand til å uttale oss om årsrekneskapen. Vi utferdiga derfor negativ beretning den 16.04.12. Den vert med dette trekt attende og erstatta av denne nye beretninga for 2011.

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Naustdal kommune, som består av balanse per 31.12.2011, drifts-rekneskap som syner eit negativt netto driftsresultat på kr 792.395,- og eit rekneskapsmessig meirfor-bruk på kr 1.713.464,-, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopp-lysningar.

*Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk, og for slik intern kontroll som rådmannen finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

*Revisors oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Atterhald:*

Vi tek atterhald om følgjande :

- Årsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr 1.713.464,- samstundes som kommunen har disposisjonsfond på kr 385.958,-. Etter vår oppfatning vert dette ramma av strykningsbestemmelsane jf. Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 9 , og ville redusert meirforbruket i 2011 tilsvarande. Det ligg til Naustdal kommunestyre å finne dekning for meirforbruket.

*Konklusjon:*

Med unnatak for ovannemnde atterhald, er etter vår meining årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Naustdal kommune per 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge ; jf. likevel presiseringar nedanfor.

**Uttale om øvrige forhold**

*Konklusjon om budsjett*
Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*
Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift. Årsmeldinga vart motteken av revisjonen den 23.04.2012. Fristen for framlegging av årsmelding er den 31. mars.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*
Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjons-oppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Naustdal kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

*Utan at det har verknad for våre konklusjonar ovanfor, vil vi kome med følgjande presiseringar:*

- Det er heller ikkje i 2011 lagt fram prosjektrekneskap , slik det er stilt krav om i Naustdal kommune sitt eige reglement om prosjektetablering. Revisjonen har tidlegare teke forholdet opp skriftleg med administrasjonen og etter vår vurdering bør kommunen forsere arbeidet med å kvalitetssikre rutinane kring ferdigstilling, aktivering og framlegging av sluttførte byggjeprosjekt.

- Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 865.066,- som kommunestyret må oppfinansiere i 2012.

Førde,. 02. mai 2012 .

Kommunerevisjonen
Nye ... og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

# 013/12 ORIENTERING FRÅ REVISOR

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 09.05.2012 | 013/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

## Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til KRYSS-revisjon – Orientering frå revisor i kontrollutvalet i Naustdal, datert 19.12.2012.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
- Kontrollutvalssak 034/12 «Eventuelt»
- Kontrollutvalssak 003/12 «Orientering frå revisor»

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Orienteringa frå revisor vert teken til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

# ORIENTERING FRÅ REVISOR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Revisor orienterer om revisjon generelt og status for Naustdal kommune.

**Saksopplysningar:**

I Kontrollutvalssak 034/11 «Eventuelt», den 16.12.2011 gjorde kontrollutvalet føljande vedtak.

- *Kontrollutvalet ber om orientering frå revisor, generelt og om finansiell status i Naustdal kommune.*

KRYSS-revisjon er orientert om vedtaket i brev 19.12.2011.

Saka vart utsett i møte 23.03.2012

Revisor er kalla inn til møtet.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

KRYSS-revisjon

6800 Førde

Førde, 19.12.11

Dykkar ref.: Vår ref: Vø Jnr.:529/11 Arkiv: Naustdal

**ORIENTERING FRÅ REVISOR I KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL**

Det nye kontrollutvalet i Naustdal heldt møte 16.12.11. Under sak 034/11 «Eventuelt» vart det gjort følgjande vedtak.

- *Kontrollutvalet ber om orientering frå revisor generelt og om finansiell status i Naustdal kommune.*

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er ikkje fastsett, men vil bli helde i siste del av februar.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet

Vidar Øvrebø
***SEKOM-sekretariat***


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# 014/12 STATUSLISTE MED OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 02.05.2012 | 014/12 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Ja |

**Saksvedlegg:**
- Oversikt over oppfølging av kommunestyre den 16. februar

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- E-post frå kontrollutvalet til Rådmann i Naustdal kommune – Statusliste over kommunestyrevedtak, datert 27. mars 2012.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## STATUSLISTE MED OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

### Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har bede administrasjonen i Naustdal kommune om å legge fram statusliste over oppfølging av kommunestyrevedtak.

### Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 26.03.2012 gjorde kontrollutvalet føljande vedtak i sak 009/12 «Eventuelt»

- *Kontrollutvalet ber om at statusliste «Effektuering kommunetyrevedtak» vert lagt fram til neste kontrollutvalsmøte den 2. mai.»*

Den 24. april mottok kontrollutvalet oversikt over oppfølging av kommunestyre den 16. februar.

Rådmann er kalla inn i saka.

### Sekretariatet sine vurderingar:

# Kommunestyre 16. februar

| 001/12 | REFERAT OG MELDINGAR | | OPPFØLGING |
|---|---|---|---|
| 12/277 | 002/12 | KRAV OM LOVLEGKONTROLL K-SAK 85/11<br><br>Kommunestyret meiner at det ikkje er rettsleg grunnlag for å handsame lovlegkontroll i K-sak 85/11. Saka vert å sende fylkesmannen til endeleg avgjer. Kommunestyret rår til at kommunestyre representantane sitt krav vert avvist. | Fylkesmannen stadfesta vedtaket som gyldig. |
| 12/330 | 003/12 | PROSESS OG ORGANISERING AV ANSVARSOMRÅDA PLAN, NÆRING OG TEKNISK - BUDSJETTOPPFØLGING 2012<br>Tilrådinga vart samrøystes vedteken med fylgjande endring 2. avsnitt:<br>For å løyse utfordringane som er sett i budsjett for 2012 oppnemner rådmannen ei arbeidsgruppe med 3 medlemmer utpeika av rådmannen og 1 tillitsvald, til saman 4 | Arbeid er igangsett. ADMU vert halde laupande orientert. |
| 12/433 | 004/12 | HANDLINGSPROGRAM 2012-2015 - NY ORGANISERING OG RESSURSMODELL FOR ADMINISTRATIVE TENESTER<br>Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til gjennomgang av dei administrative funksjonane i heile kommuneorganisasjonen.<br>Kommunestyret føreset at arbeidet har som målsetjing å tilpasse arbeidsoppgåver og organisering innanfor dei rammer som er lagt i handlingsprogram og budsjett/økonomiplan. | Arbeid er igangsett. ADMU vert halde laupande orientert. |
| 12/346 | 005/12 | UTVIKLINGSPROGRAM FOR HELSE OG OMSORG<br>Kommunestyret tek rapportane frå intern og ekstern kartlegging og analyse av helse og omsorgstenestene i kommunen til orientering.<br>I det vidare arbeidet med ny helse- og omsorgsplan vert fylgjande premissar og behov innarbeidde:<br>· Behov for reduksjon / rasjonalisering av dagens tenestetilbod og organisasjon, jfr. vedteke budsjett og økonomiplan.<br>· Klargjering av omsorgstrapp for Naustdal kommune, med meir differensierte tenestetypar, synleggjering av omfang, nivå, kompetanse og tildelingskriteriar for dei ulike trinna, mellom anna prinsipp i saka om einerom.<br>· Ny organisasjonsmodell skal fremje rasjonell sakshandsaming, god samhandling mellom tenesteområda, og kvalitativt gode tenester.<br>· Koordinerande eining, i samsvar med ny lov om helse- og omsorgstenester, skal inngå i ny organisasjonsmodell.<br>Det vert etablert eit forprosjekt for planlegging av sentrumsnære omsorgsbustadar.<br>Det vert sett i gang eit reguleringsplanarbeid for området ved Naustdal sjukeheim, med fokus på løysingar for trafikkavvikling, parkeringsareal og uteområde for bebuarar ved sjukeheimen.<br>Behov for auka fokus på førebyggande helsearbeid, også innafor eldreomsorga. | Arbeid er igangsett. ADMU vert halde laupande orientert. |
| 12/549 | 006/12 | BUDSJETTILPASSING 2012<br>Kommunestyret tek orienteringa til etterretning | Budsjettilpassingar fordelt på tenesterammene |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 12/387 | 007/12 | RAMMEAVTALE MELLOM HELSE FØRDE HF OG NAUSTDAL KOMMUNE – GODKJENNING<br><br>Naustdal kommune inngår rammeavtale med Helse Førde HF i samsvar med framlegg av 01.12.11 frå koordineringsrådet, med slik endring av 2. setning i pkt 3.1:<br>Deltakarar frå Helse Førde er styret og adm. direktør. Frå kommunane deltek ein representant frå kvar kommune/fylkeskommunen, primært frå politisk leiing, og i tillegg møter leiaren i rådmannsutvalet i KS. Helse Førde ivaretek saman med KS sekretariatsfunksjonen. | Avtale inngått |
| 12/515 | 008/12 | GARANTI FOR BYGGJELÅN - NAUSTDAL KYRKJELYDSHUS<br>Naustdal kommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån kr. 1.500.000,- som. Naustdal Kyrkjelydshuse tek opp til utbygging av kyrkjelydshuset.<br>2. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalingar på lånet og opphøyrer seinast 20.02.2037.<br>3. Vedtaket er gjort under føresetnad av fylkesmannen si godkjenning | Garanti avgitt |
| 12/439 | 009/12 | STAKALDEFOSSEN - FALLRETTAR M.M.<br>Naustdal kommune vil avvente endeleg avgjerd til det føreligg resultat av tilsvarande sak i dei andre kommunane | Saka er lagt fram på nytt til formannskapet 26.04. |
| 12/539 | 010/12 | KRETSENDRINGAR - FRAMLEGG TIL NYE KRETSGRENSER I SKULEKRINSANE<br>Kommunestyret vedtek endring av krinsgrenser som omfattar elevar i Horstad krins til sentrum :<br>Kommunestyret vedtek å flytte elevar frå 5.-7.trinn i Vevring til skulen i sentrum. 33<br>Endringane inneber:<br>· Endre krinsgrenser mellom Dalen og Sentrum slik at ein får eit elevtal på omkring 50 elevar frå 1.-7. årssteg i skulebygget i Midtredalen (eitt bygg)<br>· Områda Stuhaug, Kvame, Indrekvam, Horstad, Reiakvam, Nyheim, Solheim, Byrkjeflot og Fit jer vert flytta til Sentrum (NBU) på barnesteget<br>· Bygningsmasse og areal vert vidareført med dagens standard<br>· Horstad skule- og barnehagedrifta på Dalen skule, avd. Horstad vert avvikla, og bygget vert fristillt<br>· Flytte elevane på 5.-7. årssteg frå Vevring til NBU<br>· Administrasjonen arbeider vidare med samordning barnehage og skule i eit oppveksttun i skulen i samhandling med foreldre og tilsette. | Saka vert følgt opp med omsyn p på overføring av elevar og personale |
| 12/605 | 011/12 | ENDRING AV BARNEHAGESTRUKTUR OG TILBOD FRÅ HAUST 2012 .<br><br>Kommunestyret vedtek endring av krinsgrenser som omfattar elevar i Horstad krins til sentrum :· Horstad skule- og barnehagedrifta på Dalen skule, avd. Horstad vert avvikla, og bygget vert fristilt<br>· Administrasjonen arbeider vidare med samordning barnehage og skule i Vevring i eit oppveksttun i skulen i samhandling med foreldre og tilsette. | Saka gjennomført, drøftingar om samordning i Vevring er ikkje gjennomført. |

## Kommunestyret 22. mars

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 012/12 | REFERAT OG MELDINGAR K 22.03.2012 | |
| 12/439 | 013/12 | STAKALDEFOSSEN - FALLRETTAR M.M.<br><br>Kommunestyret ber om samanfattande kommentar til sentrale dokument utarbeidd i saka. Rådmannen utfører samanfatning. Saka skal innom formannskapet før handsaming i kommunestyret. Avgjerd i saka vert utsett i påvente av denne samanfatninga.<br>Kva skal ei slik samanfatning innehalde: Vurderingane i saka, mellom anna ligg det føre eit omfattande juridisk materiale omkring kjøp av fallrettar/selskapsorientering av utbygging, samt tilhøve til den konsesjon som når bruk av fallet blir endra.<br>· Førehandsmelding av utbygging av kraftverka i Jølstervassdraget<br>· Gjennomføring av forhandlingane og tilråding til sal av fallrettar, ekstern uttale<br>· Samanfatninga baserer seg på kjelder som kan tilgjengeleggjerast | Saka kjem til ny handsaming i april |
| 12/ 1049 | 014/12 | INTERKOMMUNAL FAGRESSURS VATN OG AVLØP - AVTALE OM 2-ÅRIG SAMARBEIDSPROSJEKT<br>Naustdal kommunestyre godkjenner 2-årig avtale om samarbeid om felles fagressurs innan VA-området i regi av Driftsassistansen i Sogn og Fjordane, datert 26. februar 2012. Naustdal kommune ynskjer å delta med inntil 10% av ein fagressurs, oppad avgrensa til kr 100 000 årleg som dekkast gjennom sjølvkost. | Saka vert følg opp videre |
| 12/998 | 015/12 | VEDLIKEHALD VEG STORELID FØR NEDKLASSIFISERING<br>Med heimel i veglova § 7 og tidlegare praksis i kommunen vert vegar som hovudregel nedklassifisert til privat veg utan krav om å setje veg i god stand før nedlegging finn stad.<br>2. Eigedomsforhold og overføring av eigedomsrett:<br>a. Overdraging av eigedomsrett skjer vederlagsfritt. Blir offentleg veg nedlagt, kan kommunen gjere føremon for ferdsel eller dei vegfarande. Offentleg ferdsel kan eventuelt avgiftsleggast med bompengavgift til vegeigar.<br><br>Avgiftslegging av ferdsel må søkjast kommunen.<br>b. Kommunen kan bestemme at nedklassifisering av kommunal veg til privat veg framleis skal vere open for allmenn ferdsel. I dei tilfella der kommunen ynskjer vid innflytelse over tilhøva som knyter seg til veg, t.d spørsmål om kven som skal få tilgang til bruk av denne, kan kommunen fastsette at brukarane av vegen skal overta vedlikehaldsplikta, jf. Veglova om private vegar (§ 54), medan kommunen beheld det objektive eigaransvaret.<br>3. I samsvar med vedtak om nedklassifisering veg Storelid, sak 110/95, gjer kommunen unntak frå punkt 1 og fastset følgjande tiltak:Vegen til Storelid blir grusa opp, grøfter reinska, og øydelagde drensrøyr skifta med minimum krav som skissert i saksutgreiing sak 110/95. Vegen skal ikkje rustast opp med sikte på uttak av skog.<br>Ramme for tiltaket er sett til kr. 120.000. | Saka vert følg opp vidare |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Komite for landbruk, miljø og teknikk i lag med teknisk drift, gjennomfører sluttsynfaring på vegen etter opprusting der interessent får høve til å komme med sine merknader.<br>Vedtak om tiltak veg Storelid sendast interessent med klagefrist 3 veker, jamfør forvaltningslova. | |
| 12/987 | 016/12 | SAMHANDLINGSREFORMA - DELAVTALAR MED HELSE FØRDE – GODKJENNING<br>Naustdal kommune inngår følgjande delavtalar med Helse Førde HF i samsvar med framlegg av 08.02.12:<br>1. Delavtale om partane sitt ansvar for helse- og omsorgsoppgåver og tiltak partane skal utføre.<br>2. Delavtale om retningsliner for samarbeid om utskrivingsklare pasientar som vert vurdert å ha behov for kommunale tenester etter utskriving frå spesialisthelsetenesta - somatikk.<br>3. Delavtale om den akuttmedisinske kjeda. | Saka vert følg opp vidare |
| 12/ 1011 | 017/12 | SØKNADER OM SKJENKELØYVE - JUNI 2012<br>1. Kommunestyret stiller seg positive til søknadane med utgangspunkt i at ein ynskjer å fremje arrangement i kommunen.<br>2. Ruspolitisk handlingsplan skal handsamast i kommunestyremøte som er sett opp i mai. | Saka vert følg opp vidare |
| 12/ 1005 | 018/12 | SKULERUTE 2012/ 2013<br>Kommunestyret godkjenner framlegg til samordna skulerute for skuleåret 2012-2013 | |
| 12/ 977 | 019/12 | KOMMUNEDELPLAN FOR KULTUR 2012 - 2015 - MED FOKUS PÅ SAMTIDSKUNST OG NÆRING<br>Naustdal kommunestyre vedtek kommunedelplan for kultur2012-2015 – med fokus på samt idskunst og næring datert 29. februar 2012, i samsvar med pbl § 11-15.<br>Kommunestyret vedtek at ungdomsrådet får tilgang til å disponere og ta avgjersle på 20% av tilskottsmidlane. Det vert vidare trekt ut kr. 10.000,- av tilskottsmidlane som vert disponert på eigen konto til Ungdommens kulturmønstring (UMK) kvart år. | Saka vert følg opp vidare |
| 12/ 980 | 020/12 | DISPONERING AV GBR 107/2 LUNDEN<br>Tilrådinga samrøystes vedteken | Saka vert følg opp vidare |

# 015/12 ORIENTERING - ETISK REGLEMENT I NAUSTDAL KOMMUNE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 09.05.2012 | 015/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

**Saksvedlegg**

- Brev frå kontrollutvalet til Naustdal kommune om «Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune», datert 27.03.2012.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kontrollutvalsak 09/12.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

# ORIENTERING - ETISK REGLEMENT I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering ved rådmannen om leiarutviklingsprogram..

**Saksopplysningar:**

I kontrollutvalssak 09/12 "Eventuelt" i kontrollutvalsmøte 26.03.2012 vedtok kontrollutvalet at dei ynskjer orientering frå rådmann om etisk reglement i Naustdal kommune.

27.03.2012 er det sendt brev til Naustdal kommune der vi ber administrasjonen førebu ei kort orientering om etisk reglement og ein presentasjon av dette til møtet i kontrollutvalet i Naustdal den 02.05.2012. Møtet har seinare vorte flytta til den 09.05.2012.

Rådmannen er kalla inn til møtet.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

# *SEKOM-sekretariat*

***Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn***


Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 27.03.12

| Dykkar ref.: | Vår ref.: Vø | Jnr.: 160/12 | Arkiv: Naustdal |
|---|---|---|---|

**ORIENTERING OM ETISK REGLEMENT I NAUSTDAL KOMMUNE**

Kontrollutvalet i Naustdal heldt møte 26.03.12. Under møtet vart det teke opp i sak 009/12 "Eventuelt" at ein ynskjer orientering frå rådmannen om etisk reglement i Naustdal kommune.

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei <u>kort</u> orientering om etisk reglement og ein presentasjon av dette.

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 2. mai 2012.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet

Vidar Øvrebø
*SEKOM-sekretariat*


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# 016/12 ORIENTERING - TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN I NAUSTDAL

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012.

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 09.05.2012 | 016/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

**Saksvedlegg**

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
Sak 035/11 «Trafikktryggleiksplan i Naustdal

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

# ORIENTERING - TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN I NAUSTDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

## Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet ber rådmann orientere om manglande status vedrørande trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.

## Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 16.12.2011 i sak 035/11 «Trafikktryggleiksplan i Naustdal» orienterte rådmann om trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.

Det kom fram at kommunen hadde meldt til fylkeskommunen at ein slik plan var under utarbeiding.

Kontrollutvalet ber om orientering om status i arbeidet med trafikktryggingsplanen.

Rådmann er kalla inn til møtet.

## 017/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 NAUSTDAL

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutval | 09.05.2012 | 017/12 | - | Ja |
| Formannskap | | - | - | |
| Kommunestyre | | - | - | |

**Saksvedlegg.**
- Oppfølgingsliste 2-2012 Naustdal.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Oppfølgingslist 2-2012 Naustdal vert teken til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 NAUSTDAL**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

**Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 02. mai 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet..

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

**Oppfølgingsliste 2-2012 - Naustdal.**

**Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune**

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|---|---|---|---|
| | | | |
| 06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak | 13.02.09 | Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. | 13.02.09 Vedtak KU<br>- Orientering frå adm.<br>- Tertialrapportar<br>- Tilsynsrapp frå fylkesmannen.<br>- Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor.<br>- Orientering frå revisor. |
| 022/10 VAR-sektoren . | 12.05.10 | Kvalitetssikring jfr. Presisering i revisjonsmeldinga for 2009. Abonnentar som ikkje betalar pga gamal avtale. | 12.05.10: Vedtak KU:<br>- Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på arbeidet med kvalitetssikring av rutinane kring etterkalkulasjon av sjølvkostområda.<br>-Kontrollutvalet ber om å få tilsendt avtalane som har vore grunnlag for fritak eller halv avgift for vatn.<br>-Kontrollutvalet ber om å få oversikt over storleiken på dei subsidierte vassavgiftene fordelt på dei to tidlegare vassverka.<br>- Kontrollutvalet ber om å få admi si vurdering av korleis denne saka bør løysast og innanfor kva tidsperspektiv. -Frist for tbm 1. juni 2010.<br><br>27.05.10 Brev til Naustdal kommune.<br>**Ikkje motteke endeleg svar, men fått tbm treng meir tid.**<br>**Sjå sak tinging forvaltningsrevisjon VAR-sektoren.** |
| Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune. | | Aktuelt tema. | |
| 025/10 Rekneskap og sluttrapport investerings-prosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid. | | | 12.05.10 Vedtak KU:<br>- KU ber om satus over pågåande inv.prosjekt.<br>-KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta.<br>27.05.10 s. brev til Naustdal kommune.<br>**Ikkje motteke svar(Purre denne)** |
| 039/10 Eventuelt | 03.11.10 | | 04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om føljande saker:<br><br>- Oppvekst og kultur i Naustdal kommune.<br>o Luftkampmuseet – Er drift av Luftkampmuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?<br>. |
| 03/11 Fv-rapport "Økonomistyring – tenesteanalyse PLO bruk av KOSTRA | 28.03.11 | | 28.03.11 Tilråding til kst.<br>28.05.11 Vedtak i KS |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 04/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt. | 28.03.11 | | 28.03.11 Vedtak KU – VAR-sektoren<br>**Sjå sak 13/11** |
| 13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølkostberekningar VAR sektoren." | 01.06.11 | | 01.06 Vedtak KU - Tingingsdokument godkjent<br>01.06 Bestilling sendt til KRYSS.<br>10.11 Motteke statusoversyn over tinga forvaltningsrevisjon. |
| 16/11 Statusliste – Effektuering kommunestyrevedtak. | 01.06.11 | | 01.06 Sendt brev til Naustdal kommune, ber om at det vert utarbeidd statusliste over ikkje effektuerte kommunetyrevedtak.<br>**Sjå sak 27/11** |
| 027/11 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak. | 09.09.11 | | 09.09.11 Vedtak KU – Rådmann kalla in til neste møte for å orientere om liste.<br>- KU ynskjer oppdatert liste til kvart møte. |
| 031/11 Overordna analyse. | 16.12.11 | | 16.12.11 Vedtak i KU – Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon. |
| 032/11 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak. | 16.12.11 | | 16.12.11 Vedtak i KU – Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande. |
| 034/11 Eventuelt. | 16.12.11 | | 16.12.11 Vedtak i KU –<br>-Kontrollutvalet ber om orientering frå revisor, generelt og om finansiell status i Naustdal kommune.<br>-Møtestart for kontrollutvalet i Naustdal skal vere kl 0830.<br>-Sekretariatet får i oppgåve å sende e-post til rådmann for å få lagt ut link til møtebok etter kontrollutvalsmøte.<br>19.12.11 Sendt brev til KRYSS-revisjon vedrørande orientering.<br>19.12.11 Sendt e-post til rådmann med oppmoding om å legge link frå møtebok ut på heimeside. |
| 035/11 Trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune. | 16.12.11 | | 16.12.11 Vedtak i KU – Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande. |
| 036/11 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum. | 16.12.11 | | 16.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Naustdal kommune sine rutinar på tilbakemelding på henvendingar til kommunen på neste møte i kontrollutvalet. Neste møte i kontrollutvalet er planlagt i siste del av februar.<br>- Sendt brev til Naustdal kommune vedrørande orientering frå rådmann. |
| 001/12 Godkjenning innkalling og sakliste. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak - Det var ingen merknader til innkaling og sakliste. |
| 002/12 Skriv og meldingar. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak - SM 01/12 og 03/12 skal tas med på neste møte. Resten av SM vert teke til vitande. |
| 003/12 Orientering frå revisor. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak - Saka vert utsett til neste møte. |
| 004/12 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak - Saka vert utsett til neste møte. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 005/12 Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal | 26.03.12 | | 26.03.12 KU Vedtak - Møteplan for kontrollutvalet vert godkjent med endringar. |
| 006/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak - Teken til vitande<br>27.03.12: Sendt til KS til orientering. |
| 007/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Naustdal. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak - Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent.<br>27.03.12: Årsmelding sendt til KS. |
| 008/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Naustdal. | 26.03.12 | | 26.03.12: KU Vedtak – Oppfølgingsliste 1-2012 Naustdal vert teken tilvitande. |
| 009/12 Eventuelt. | 26.03.12 | | - 26.03.12: KU vedtak<br>- Kontrollutvalet ber om orientering frå rådmann om etisk reglement for Naustdal kommune på neste møte den 2. mai.<br>- Sekretariatet får i oppgåve å sjekke status på sluttrapportering for investeringsprosjekt i Naustdal kommune.<br>- Kontrollutvalet ber om at statusliste «Effekturering kommunestyrevedtak» vert lagt fram til neste kontrollutvalsmøte den 2. mai 2012<br>- Kontrollutvalet vedtek å melde på Randi Elvebakk Reiakvam og Elin Schei Stuhaug på FKT konferanse i Trondheim i 6. og 7. juni.<br>- Kontrollutvalet ber om status på forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar VAR sektoren» frå KRYSS-revisjon.<br>27.03.12 Brev til rådmann om etisk reglement for Naustdal kommune.<br>27.03.12 Sendt E-post til Naustdal kommune der vi ber om statusliste til neste møte.<br>27.03.12 Sendt påmelding til FKT konferanse for Elin Schei Stuhaug og Randi Elvebak Reiakvam.<br>27.03.12 Sendt brev til Naustdal kommune, der KU ber om status for investeringsprosjekt og at det vert lagt fram rekneskap og sluttrapportar. |
| | | | |
| | | | |

Oppdatert 02.05.2012

# 018/12 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.05.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 09.05.2012 | 018/12 | - | Nei |
| Kommunestye | - | - | - | Nei |

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.